


Faktaark – born og ungdom



Dette faktaarket er del av energi- og klimaplan for Granvin herad.

Kommunale energi- og klimaplanar set arbeid som vedrører energi og klima i ein større samanheng.

Med utgangspunkt i status, forventå utvikling og eigne prioriteringar definerer planen mål og tiltak.

Arbeidet med Granvin herad sin energi- og klimaplan har fått stønad frå Enova SF.

Plan og faktaark er utarbeidd i samarbeid med Vestnorsk Enøk, rådgjevningsmiljøet til SFE Kraft AS



Energi- og klimaplanen er viktig for framtida til deg som er ung i dag. Alt vi gjer har innverknåd på både energibruk og utslepp. Det handlar ofte om å velje smarte løysingar og bruke mindre. Visste du for eksempel at å produsere ein ny mobiltelefon medfører 70 kg avfall?

Status og utfordringar

Rein energi er i ferd med å bli mangelvare. I Granvin blir ¼ av energien brukt i private bustadhus.

Halvparten av energibruken i eit vanleg hus går til oppvarming. Ved å lufte kort og effektivt, ha termostat på omnen og senke temperaturen 1 grad kan du lett spare 5% på oppvarminga.

Normalt blir 20% av energien brukt til varmt vatn. Dette kan vi lett redusere ved å dusje raskt og bruke sparedusj.

Bilar er den største kjelda til utslepp av klimagassar i Granvin. Ved å sykle eller gå til venner og aktivitetar kan du vere med på å redusere dette. Prøv å sykle om kapp med mor eller far til skule og jobb!

Ting vi kjøper er ofte laga i andre land. Både produksjon og transport gir utslepp som påverkar klimaet, men dette har vi lite kontroll med. Du kan velje varer som varer lenge og som ikkje har unødige innpakning. Visste du for eksempel at å produsere ein ny mobiltelefon medfører 70 kg med avfall?

Aktuelle tiltak retta mot born og ungdom

- ✓ Bærekraftig utvikling for energi og klima som tema i grunnskulen.
- ✓ Haldningsskapande arbeid retta mot born og ungdom.
- ✓ Innsamling av kle for gjenbruk.

- ✓ Lokal bruktmarknad / byttedag for sportsutstyr.

Dette kan du bidra med:

Reduser energibruken:

- ✓ Slå av lys når du går ut
- ✓ Luft kort og effektivt
- ✓ Ha rett temperatur inne
- ✓ Reduser vassforbruket, bruk sparedusj

Tenk på klima:

- ✓ Gå og sykle på fritida
- ✓ Unngå sprayboksar
- ✓ Pass på dei vaksne sine vanar

Unngå avfall:

- ✓ Tenk gjenbruk og kjeldesortering
- ✓ Unngå eingongsprodukt
- ✓ Unngå produkt med mykje emballasje

